



Skjenkekontrollørane hadde ingen merknad til den siste låvsdansen, då dette biletet vart teke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skjenkekontrollørane til kommunen var til stades også på siste låvedans på Dønhaug den 20. mai og denne gongen hadde dei ingen merknader. Alt var prikkfritt i følgje rapporten etter synfaringa.**

Kontrollørane har difor kryssa av NEI på spørsmåla om tydeleg rusa personar får tilgjenge til lokalet, om det vert observert overskjenking, om det vert observert alkohol i lokalet som var teken med inn og om det vert observert om alkohol vert veke med ut av lokalet.

Samstundes har kontrollørane svara JA på spørsmåla om det var mogeleg å få servert alkoholsvak eller alkoholfri drikk, om slik drikk stod på skjenkekartet, om skjenketida vart halde og om reklamforbodet vart halde. Men det vart ikkje kontrollert om det vart skjenka til personar under gjeldande aldersgrense.

Neste kommunale operasjon på Dønhaug er det politikarane som skal stå for. Det skjer til veka, den 6. juni, då formannskapet skal på synfaring. Verten, Magne Huglen, ventar spent, ikkje minst på kva politikarane meiner om talet på gjester som får lov til å sleppa inn.

Av Ola Matti Mathisen